

Naturskogane lever farleg



Dei bergenske naturskogane er rike turområde. Skogsbilvegar legg til rette for at dei skal bli hogde. Foto: Privat

Av Gunvar Mikkelsen, koordinator i Forum for natur og friluftsliv Hordaland, Pål Fidjestøl, fylkessekretær i Naturvernforbundet Hordaland, Jeanette Tennebekk, prosjektansvarleg i Naturvernforbundet Hordaland, Synnøve Spangelo, frivillig i Naturvernforbundet Hordaland

Publisert: 10.03.24 09:00

Del

Skogsbilvegane er kanskje den største trusselen mot naturskogane. Den populære Kanadaskogen er berre ein av mange naturskogar som no lever farleg.

MENINGER

Dette er et debattinnlegg. Innlegget gir uttrykk for skribentens holdninger.

Dette bekrefta langt på veg byråden nyleg. Naturskogar er forresten skogar som aldri har vore flatehogde – ein praksis ein starta med i Noreg rundt 1950 – og desse skogane har fått utvikla seg over langt tid, på naturen sine egne premissar.

Kva meiner egentleg byråden med at «Bergen kommune ikkje tar aktive grep for å opne for skogdrift i Kanadaskogen og på Hjortland» – samstundes som om lag tre fjerdedelar av dei areala som er foreslått som «mogelege viktige skogbruksområde» i utkastet til skogbruksplan, er naturskog? Betyr det at byrådet vil ta planinnspele våre til følge, og

avgrensa dei «mogelege viktige skogbruksområda» til den planta kulturskogen (i Bergen i hovudsak granskog). Det hadde i så tilfelle vore svært positivt for dei bergenske skogane.

Eit anna kritikkverdig aspekt ved den foreslegne skogbruksplanen, er at den legg opp til at det skal byggjast om lag fem mil med nye skogsbilvegar – også gjennom naturskog. Slik tilrettelegging aukar sjansane for at grunneigarane også vel å ta ut tømmer frå naturskogen – ein type skogbruk som elles ofte ikkje ville svara seg økonomisk. Difor vil ein skogbruksplan som legg opp til å byggje skogsbilvegar i naturskog, gjere det stikk motsette av det som byråden hevdar.

Å leggja til rette for skogsbilvegar i naturskog, betyr nemleg at Bergen kommune tar aktive grep for at også desse skogane skal bli hogde. Dette er stikk i strid med råd frå mange forskarar, og stikk i strid med det ålmenta vil – nemleg å bevare rike turområde.

Skogsbilvegar må på generell basis under strengare kontroll. Slik det har vore til no i Bergen kommune, har det vore svært lite kontroll med desse store inngrepa, i til dels urørt natur. Grunneigarar får betalt for kvart lass med tilkøyrdde massar, anten det er byggeavfall, vegavfall eller tunnelmassar – gjerne ispedd framande planteartar – som blir brukt til å bygge vegane. I tillegg aukar altså desse vegane risikoen for at dei flotte naturskogane blir hogde.

Attpåtil er mange av desse vegane heller ikkje vurdert etter riktig lovverk – slik BA har skrive om ved fleire høve. Noko som gjer at kommunen får ein omfattande oppryddingsjobb.

Klimaaspektet er også viktig her: Den norske skogen tek opp om lag 40 prosent av dei norske klimagassutsleppa – kvart år – og NINA skriv at «skogen sitt karbonlager er mykje høgare i gamal naturskog enn produksjonsskog [kulturskog]».